



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 18.06.2026
Møtetid: 09:00 -15:00
Møtestad: Lonevåg, Rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Kurt Ove Øksnes	Medlem	FRP
Synne Thunestvedt	Medlem	SV
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Ann Helen Solberg	Medlem	FRP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Helge Valestrand Edvardsdal	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Johannes O Borge	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Renathe Tangen	Medlem	V
Roy Husebø	Medlem	INP
Trygve Tønnessen	Medlem	FRP

Faste medlemmer med forfall

Namn	Rolle	Parti
Kristin Kleppe	ORD	SP
Aksel Mjøs	MEDL	H
Ruben Nielsen	MEDL	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Kjellaug Hartveit	Gilskapsvara i sak PS 54/26	SP
	Turid Bjørndal Njåstad	
Jon Daltveit	Gilskapsvara i sak PS 54/26	SP
	Frode Flesland	
Jostein Revheim	Kristin Kleppe	SP
Ingunn Vedå	Ruben Nielsen	FRP
Tor Georg Hella	Aksel Mjøs	H

Følgjande frå administrasjonen møte:

Politisk sekretær

Kommunedirektør

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling

Kommunalsjef for helse, omsorg og sosial

Leiar for økonomi

Rådgjevar, Investeringsprosjekt

Rådgjevar for felles helse, omsorg og sosial

Leiar, Investeringsprosjekt

Ekstra informasjon til møte:

Trygve Tønnessen (Frp) fekk permisjon frå kl. 12.00. Det vart ikkje funne vara.

Ann Kristin Borge (Ap), Roy Husebø (INP) og Janne Daltveit Tveit (Sp) fekk permisjon frå kl. 15.00.

Det vart ikkje kalla inn vara for Ann Kristin Borge (Ap) og Roy Husebø (INP). Jon Daltveit (Sp) var vara for Janne Daltveit Tveit (Sp).

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 43/26	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 44/26	Godkjenning av møtebok 07.05.2026
RS 29/26	Orientering om ulike tilskot Sektor for oppvekst, undervisning og kultur
RS 30/26	Kvalitetsmelding Kultur og mangfald og referat SU-møter skule/barnehage
RS 31/26	Høyringsbrev - endringar i organisasjonstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt
RS 32/26	Møteutskrift sak 19/26 Årsrekneskap og årsmelding 2025 - uttale frå kontrollutvalet
RS 33/26	Årsrapport 2025 Region Nordhordland og årsrapport 2025 Nordhordland Unesco Biosfære
RS 34/26	Osterøy kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 21.05.2026
RS 35/26	Årsmelding 2025 Opplæringskontoret for Nordhordland
RS 36/26	Løypemelding - Eigarskapsmelding anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
PS 45/26	Omsorg+ - inngåing av avtale for samspelsfase
PS 46/26	Årsrekneskap og årsmelding 2025
PS 47/26	Tertialrapport 2026 1.tertial
PS 48/26	Revidert budsjett 2026
PS 49/26	Skulebruksplan 2026-2035
PS 50/26	Politisk organisering i valperioden 2027–2031
PS 51/26	PS 30/26 - Krav om lovlegkontroll av reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker
PS 52/26	3. gongs handsaming - detaljregulering Haugemyrane aust - Hauge planID 46302019004
PS 53/26	2. gongs handsaming- reguleringsplan for Solberg Mek. Verksted - planID 4630 2025001
PS 54/26	Avklaring av planinitiativ - Espevoll næringsområde del 2

- PS 55/26** Endring av samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion KO
- PS 56/26** Etablering av felles forliksråd for Osterøy kommune og Vaksdal kommune
- PS 57/26** Høyring av tilleggsopplysningar om eit sørlegare alternativ for 420 kV Samnanger-Øygarden
- PS 58/26** Andre saker/Spørsmål 18.06.2026

Alexander Thunestvedt

Ordfører

PS 43/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 43/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Endringsforslag frå ordfører:

Sak PS 54/26 vert handsama etter sak PS 46/26.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med endringsforslaget.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 43/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

Sak PS 54/26 vert handsama etter sak PS 46/26.

PS 44/26 Godkjenning av møtebok 07.05.2026

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 44/2026 Godkjenning av møtebok 07.05.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 07.05.2026 vert godkjend.

Votering:

Møtebok frå 07.05.2026 vart samrøystes godkjend.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 44/2026 Godkjenning av møtebok 07.05.2026:

Møtebok frå 07.05.2026 vert godkjend.

RS 29/26 Orientering om ulike tilskot Sektor for oppvekst, undervisning og kultur

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 29/2026 Orientering om ulike tilskot Sektor for oppvekst, undervisning og kultur:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 29/2026 Orientering om ulike tilskot
Sektor for oppvekst, undervisning og kultur:

Teken til vitande.

RS 30/26 Kvalitetsmelding Kultur og mangfald og referat SU-møter
skule/barnehage

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 30/2026 Kvalitetsmelding Kultur
og mangfald og referat SU-møter skule/barnehage:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 30/2026 Kvalitetsmelding Kultur og
mangfald og referat SU-møter skule/barnehage:

Teken til vitande.

RS 31/26 Høyringsbrev - endringar i organisasjonstrukturen for dei
geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 31/2026 Høyringsbrev -
endringar i organisasjonstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest
politidistrikt:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 31/2026 Høyringsbrev - endringar i organisasjonstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt:

Teken til vitande.

RS 32/26 Møteutskrift sak 19/26 Årsrekneskap og årsmelding 2025 - uttale frå kontrollutvalet

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 32/2026 Møteutskrift sak 19/26 Årsrekneskap og årsmelding 2025 - uttale frå kontrollutvalet:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 32/2026 Møteutskrift sak 19/26 Årsrekneskap og årsmelding 2025 - uttale frå kontrollutvalet:

Teken til vitande.

RS 33/26 Årsrapport 2025 Region Nordhordland og årsrapport 2025 Nordhordland Unesco Biosfære

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 33/2026 Årsrapport 2025 Region Nordhordland og årsrapport 2025 Nordhordland Unesco Biosfære:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 33/2026 Årsrapport 2025 Region Nordhordland og årsrapport 2025 Nordhordland Unesco Biosfære:

Teken til vitande.

RS 34/26 Osterøy kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 21.05.2026

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 34/2026 Osterøy kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 21.05.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 34/2026 Osterøy kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 21.05.2026:

Teken til vitande.

RS 35/26 Årsmelding 2025 Opplæringskontoret for Nordhordland

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 35/2026 Årsmelding 2025
Opplæringskontoret for Nordhordland:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 35/2026 Årsmelding 2025
Opplæringskontoret for Nordhordland:

Teken til vitande.

RS 36/26 Løypemelding - Eigarskapsmelding anlegg for idrett, fysisk
aktivitet og friluftsliv

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 36/2026 Løypemelding -
Eigarskapsmelding anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 36/2026 Løypemelding - Eigarskapsmelding anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv:

Teken til vitande.

PS 45/26 Omsorg+ - inngåing av avtale for samspelsfase

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 45/2026 Omsorg+ - inngåing av avtale for samspelsfase:

Innstilling frå Formannskapet 17.06.2026

Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med samspelfase med Skanska Norge AS. Samspelsfasen har ein fastpris på kr 6 211 866 og ein avgrensa tidsperiode på 12 veker. Kostnadane knytt til samspelsfasen vert dekkja over løyvinga på investeringsbudsjettet for inneverande år.

Basert på tilbudsprisen er totalkostnaden for prosjektet rekna til om lag kr 928 000 000. Kommunedirektøren har som mål å redusere prosjektkostnadene gjennom samspelsfasen ved å optimalisere løysingar og gjennomføre kostnadsreduserande tiltak, utan vesentleg reduksjon av kapasitet, funksjonalitet eller kvalitet i prosjektet. Kommunedirektøren tek sikte på å leggje fram forprosjektet for Omsorg+ i ei eiga sak til heradsstyret i desembermøtet. Heradsstyret skal då ta stilling til eventuell inngåing av kontrakt om totalentreprise.

Heradsstyret ber administrasjonen vurdere om det er mogleg å bruke Bruvik skule til mellombels bustad for bebuarar i fløy 5 i byggeperioden.

Framlegg til vedtak frå Herdis Helle(Ap)Ragnar Tysstebotn(Frp) og Kim Andre Hartveit(Frp):

Kommunedirektøren får ikkje fullmakt til å gå vidare med samspelsfase med Skanska Norge AS.

Kommunedirektøren skal kome attende med ei ny sak for heradsstyret om bygging av mellom 16 og 24 nye omsorgsbustader (eitt- eller toroms) med fellesareal og personalbase på ein høveleg tomt, til dømes på Rød-tomten ved sidan av den nye butikken som kjem på Hauge eller på Haugatun, om Hauge helselag vil bygge ut og leige ut til kommunen.

Kommunedirektøren skal forsøke å unngå tomteval som vil føre til fordyrande infrastrukturtiltak/rekkefylgjekrav.

Kommunedirektøren skal også utgreie ombygging av Hauge Bufellesskap til ny demensavdeling/sjukeheimsrom for demente, noko som vil innebere at dei 16 som bur der i dag må flytte til dei nye omsorgsbustadane i ombyggingsperioden.

Kommunedirektøren skal i tillegg utgreie om storstova på Osterøytunet, som er lite i bruk,

kan byggast om til nytt dagsenter til erstatning for Haldorvika.

Nytt legesenter, ny base for heimetenestene, kafe og livssynsnøytralt seremonirom vert skrinlagt.

Grunngjeving:

Osterøy kommune har ikkje økonomi til å bygge eit nytt helsebygg til 928 millionar. Vi må løyse behovet for nye heildøgns plassar meir stegvis og gjennom prosjekt som enkeltvis vil ha mindre økonomisk risiko enn eit prosjekt til nesten ein milliard. Vi har heller ikkje råd til å bygge ting som kunne vore 'kjekt å ha', men som ikkje er strengt naudsynt, som legesenter, ny heimetensbase, kafe og livssynsnøytralt seremonirom. Det er høgst usikkert om slike tillegg vil føre til effektivitetsgevinstar, heller ikkje på langs sikt.

Tilleggsforslag Herdis Helle (Ap):

Kommunedirektøren får ikkje fullmakt til å gå vidare med samspelsfase med Skanska Norge AS før det er endeleg/rettskraftig avgjort kven som er vinnar av konkurransen.

Kommunedirektøren skal legge fram ei sak, med tilhøyrande framlegg til budsjettjustering om bygging, kjøp eller leige av eit omsorgsbustadbygg der bebuarane på Hauge Bufellesskap kan flytte inn, seinast i siste heradsstyremøte i 2026. Bygget bør ligge relativt sentral. Eit alternativ kan vere å be Hauge Helselag bygge på Haugatun og leige frå dei. Eit anna alternativ kan vere å dialog med bygging på Rød-tomten, ved sidan av den nye Kiwi-butikken som kjem på Hauge.

Grunngjeving:

Osterøy kommune bør ikkje inngå samspelskontrakt før det er endeleg avgjort kven som er vinnar av konkurransen. Dersom det blir ein annan enn Skanska, kan det eksponere kommunen for bortkasta utgifter, og i verste fall erstatningsansvar. Det er viktig å få erstatningsbustader til dei som bur på Hauge Bufellesskap raskt på plass for å unngå forseinkingar, med påfylgjande auke i byggekostnader m.m, når kontrakt vert inngått. Så lenge Hauge Bufellesskap skal rivast eller byggast om, vil dette vere ei investering som er naudsynt, uavhengig av om det er Skanska eller ein annan tilbydar som vert leverandør.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Herdis Helle(Ap)Ragnar Tysstebotn(Frp) og Kim Andre Hartveit(Frp) falt med 9 røyster for(Herdis Helle(Ap), Geir Olsen(Ap), 6Frp, Inp) og 17 røsyter mot.

Innstilling frå Formannskapet 17.06.2026 vart vedteke med 17 røyster for og 9 røsyter mot(Herdis Helle(Ap), Geir Olsen(Ap), 6Frp, Inp).

Tilleggsforslag frå Herdis Helle (Ap) falt med 9 røyster for(Herdis Helle(Ap), Geir Olsen(Ap), 6Frp, Inp) og 17 røsyter mot.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 45/2026 Omsorg+ - inngåing av avtale for samspelsfase:

Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med samspelfase med Skanska Norge AS. Samspelsfasen har ein fastpris på kr 6 211 866 og ein avgrensa tidsperiode på 12 veker. Kostnadane knytt til samspelsfasen vert dekkja over løyvinga på investeringsbudsjettet for inneverande år.

Basert på tilbudsprisen er totalkostnaden for prosjektet rekna til om lag kr 928 000 000. Kommunedirektøren har som mål å redusere prosjektkostnadene gjennom samspelsfasen ved å optimalisere løysingar og gjennomføre kostnadsreduserande tiltak, utan vesentleg reduksjon av kapasitet, funksjonalitet eller kvalitet i prosjektet. Kommunedirektøren tek sikte på å leggje fram forprosjektet for Omsorg+ i ei eiga sak til heradsstyret i desembermøtet. Heradsstyret skal då ta stilling til eventuell inngåing av kontrakt om totalentreprise.

Heradsstyret ber administrasjonen vurdere om det er mogleg å bruke Bruvik skule til mellombels bustad for bebuarar i fløy 5 i byggeperioden.

PS 46/26 Årsrekneskap og årsmelding 2025

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 46/2026 Årsrekneskap og årsmelding 2025:

Innstilling frå Formannskapet 03.06.2026:

Årsmelding og rekneskap for 2025 vert godkjent slik dei ligg føre.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 46/2026 Årsrekneskap og årsmelding 2025:

Årsmelding og rekneskap for 2025 vert godkjent slik dei ligg føre.

PS 47/26 Tertialrapport 2026 1.tertial

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 47/2026 Tertialrapport 2026 1.tertial:

Innstilling frå Formannskapet 03.06.2026:

Økonomirapport pr. 1.tertial 2026 vert teken til vitande.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 47/2026 Tertialrapport 2026 1.tertial:

Økonomirapport pr. 1.tertial 2026 vert teken til vitande.

PS 48/26 Revidert budsjett 2026

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 48/2026 Revidert budsjett 2026:

Innstilling frå Formannskapet 03.06.2026

Revidert årsbudsjett vert godkjent med fylgjande endringar:

Meirinntekter frå sentrale postar med kroner 6 300 000,- skal setjast av til disposisjonsfondet/til å dekke meirforbruk frå 2024 og 2025,

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lønsramma ut i frå lønsoppgjeret i kvar sektor.

Grunngjeving:

For å sikre økonomisk handlerom og unngå å hamne på Robek, er det viktig at vi får betalt ned meirforbruk frå 2024 og 2025.

Då er det ikkje rom for å bruke alle meirinntektene til å auke budsjettrammene.

Kommunen har for høg aktivitet/brukar for mykje pengar i høve til inntektene.

Det blir ikkje lettare å ta ned aktiviteten neste år og det er viktig å kome i gang med innsparingstiltak allereie frå hausten for at slike skal få effekt.

‘Meirforbruk’ så langt i år, må difor søkast dekkja inn av sektorane innanfor gjeldande budsjettrammer.

Vurdere innsparingstiltak inneverande år fram mot heradstyret 18 juni.2026

Avvikle levekårsutvalet frå august 2026

Tilsette fleire i heimetenesta og på Osterøytunet for å redusere bruk av vikarbyrå og ha tilstrekkeleg med tilsette til å møte ei aldrande befolkning som treng fleire heimetenester

Kutte eitt årsverk i kulturskulen frå august 2026, pga redusert barnetal

Kutte eitt årsverk på helsestasjonen, pga redusert barnetal

Undersøke om talet på årsverk på Lonevåg skule kan reduserast som fylgje av lågare elevtal.

Opne for at elevar i den tidlegare Haugekrinsen kan søke og få skuleplass på Lonevåg for å få til ei effektiv klassesdeling og jamnare elevfordeling mellom Lonevåg og Valestrand.

Redusere talet på flyktningar kommunen tek i mot i inneverande budsjettår dersom dette er mogeleg

Vidareføre 'tilsetjingsstopp' i administrative stillingar og leiarstillingar. Det bør ikkje tilsetjast i den nye innkjøparstillinga som er utlyst før kommunedirektøren veit om heradsstyret vil gå vidare med Omsorg Pluss i den forma og det omfanget som er ute på anbud.

Tilleggsforslag frå Herdis Helle(Ap):

Levekårsutvalet vert lagt ned med umiddelbar verknad og sakene til utvalet overført til formannsskapet.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag frå Herdis Helle(Ap) vart vedteke med 14 røster for og 12 røster mot(Alexander Thunestvedt(Ap), Bjarte Hammer Aarland(U), Frode Flesland(Sp), Gerd Karin Njaastad(Sp), Helge Valestrand Edvardsdal(Sp), Janne Daltveit Tveit(Sp), Johannes Haugland(Sp), Jostein Revheim(Sp), Turid Bjørndal Njåstad(Sp), SV, V, Krf).

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 48/2026 Revidert budsjett 2026:

Revidert årsbudsjett vert godkjent med fylgjande endringar:

Meirinntekter frå sentrale postar med kroner 6 300 000,- skal setjast av til

disposisjonsfondet/til å dekke meirforbruk frå 2024 og 2025,

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lønsramma ut i frå lønsoppgjeret i kvar sektor.

Grunngjeving:

For å sikre økonomisk handlerom og unngå å hamne på Robek, er det viktig at vi får betalt ned meirforbruk frå 2024 og 2025.

Då er det ikkje rom for å bruke alle meirinntektene til å auke budsjettrammene.

Kommunen har for høg aktivitet/brukar for mykje pengar i høve til inntektene. Det blir ikkje lettare å ta ned aktiviteten neste år og det er viktig å kome i gang med innsparingstiltak allereie frå hausten for at slike skal få effekt. 'Meirforbruk' så langt i år, må difor søkast dekkja inn av sektorane innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Vurdere innsparingstiltak inneverande år fram mot heradstyret 18 juni.2026

Avvikle levekårsutvalet frå august 2026

Tilsette fleire i heimetenesta og på Osterøytunet for å redusere bruk av vikarbyrå og ha tilstrekkeleg med tilsette til å møte ei aldrande befolkning som treng fleire heimetenester

Kutte eitt årsverk i kulturskulen frå august 2026, pga redusert barnetal

Kutte eitt årsverk på helsestasjonen, pga redusert barnetal

Undersøke om talet på årsverk på Lonevåg skule kan reduserast som fylgje av lågare elevtal. Opne for at elevar i den tidlegare Haugekrinsen kan søke og få skuleplass på Lonevåg for å få til ei effektiv klassedeling og jamnare elevfordeling mellom Lonevåg og Valestrand.

Redusere talet på flyktningar kommunen tek i mot i inneverande budsjettår dersom dette er mogeleg

Vidareføre 'tilsetjingsstopp' i administrative stillingar og leiarstillingar. Det bør ikkje tilsetjast i den nye innkjøparstillinga som er utlyst før kommunedirektøren veit om heradsstyret vil gå vidare med Omsorg Pluss i den forma og det omfanget som er ute på anbud.

Levekårsutvalet vert lagt ned med umiddelbar verknad og sakene til utvalet overført til formannskapet.

PS 49/26 Skulebruksplan 2026-2035

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 49/2026 Skulebruksplan 2026-2035:

Innstilling frå Levekårsutvalet 16.06.2026

Heradsstyret legg Skulebruksplan 2026–2035 ut til offentleg høyring i perioden 20.06.2026–30.09.2026.

Endeleg vedtak om framtidig skulestruktur vert gjort etter gjennomført høyring og vidare politisk behandling.

Framlegg til vedtak frå Roald Martinsen(H):

Saka blir utsett.

Heradsstyret ber kommunedirektøren leggja fram ei tilleggsutgreiing før vidare behandling av skulebruksplanen. Utgreiinga skal særleg belysa konsekvensar, risiko og avbøtande tiltak knytta til dei ulike alternativa i planen.

Utgreiinga skal innehalda informasjon om:

1. Barnets beste

2.

- Ei nærare vurdering av konsekvensar for læringsmiljø, trivsel, sosial tilknytning og tryggleik for elevane ved dei ulike alternativa.
- Skildring av konkrete overgangsordningar og oppfølgingstiltak for elevar ved eventuelle skuleflyttingar.
- Særskild vurdering av konsekvensar for dei yngste elevane.

2. Skuleskyss og reiseveg

3.

- Oversikt over venta reisetid for elevar ved dei ulike alternativa.
- Tal på elevar som får vesentleg lengre reiseveg.
- Vurdering av behov for buss- og drosjeløysingar, samt dei økonomiske konsekvensane av desse.

3. Økonomiske konsekvensar

4.

- Oppdatert økonomisk analyse som inkluderer:
 - skuleskyss
 - naudsynte tilpassingar ved mottakarskular
 - investeringsbehov
 - framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader
- Vurdering av kor robuste dei estimerte innsparingane er under ulike utviklingsforløp.

4. Risiko knytt til elevgrunnlag

5.

- Analyse som viser økonomiske og driftsmessige konsekvensar dersom:
- - 25 %, 50 % eller 75 % av elevane frå Fotlandsvåg vel privat skule etter ei eventuell nedlegging

- 25 %, 50 % eller 75 % av elevane frå Haus vel ein ny privat skule som blir etablert i området etter ei eventuell nedlegging
- Vurdering av korleis slike scenario påverkar berekna samla innsparingspotensial.

5. Fagmiljø og organisering

6.

- Vurdering av alternative organisatoriske modellar for å styrkja fagmiljøa utan skulenedlegging.
- Vurdering av om lærarar og fagressursar kan organiserast meir på tvers av skulane gjennom felles fagmiljø, kompetansenettverk og delte stillingar.
- Vurdering av Osterøyskulen som eit samla profesjonsfellesskap med undervisning på fleire geografiske lokasjonar.

6. Konsekvensar for lokalsamfunn og samfunnsutvikling

7.

- Vurdering av kva skulane har å seia for busetjing, tilflytting, frivillig arbeid og lokal samfunnsutvikling.
- Vurdering av konsekvensar for Haus og Fotlandsvåg som bygdesenter ved ei eventuell skulenedlegging.

7. Alternative løysingar

8.

- Vurdering av ein modell der alle fire skulane blir oppretthaldne med fastsette minimumsgrenser for elevtal før ny politisk behandling.
- Vurdering av oppveksttun-modellar med barnehage og småskuletrinn.
- Vurdering av om ny skulestruktur bør sjåast i samanheng med kommunen sitt øvrige investeringsbehov, særleg Omsorg+, og om større strukturelle endringar bør vurderast på nytt i samband med komande økonomiplanperiode.

8. Erfaringar frå tidlegare skulenedleggingar

9.

- Evaluering av tidlegare skulenedleggingar i Osterøy kommune, inkludert venta og faktiske økonomiske gevinstar, samt konsekvensar for elevar og lokalsamfunn.

Heradsstyret meiner at slik tilleggsinformasjon er nødvendig for å kunna gjera ei heilskapleg vurdering av skulestrukturen og sikra eit tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag før det blir teke stilling til framtidige strukturendringar.

Utsettingsforslag frå Herdis Helle(AP)

1) Høyring av skulebruksplan 2026 - 2035 vert utsett til våren 2027.

2) Sak om skulestruktur vert lagt fram for nytt heradsstyre.

Grunngjeving:

Skulestruktur på Osterøy er noko innbyggjarane bør få seie si meining om gjennom val. Vi slit med rekrutteringa til heradsstyret. Ein skuledebatt i valkampen vil vonleg bidra til at nye får lyst å stå på liste og bli med i kommunepolitikken.

Framlegg til vedtak frå Alexander Thunestvedt(Ap):

Heradsstyret legg Skulebruksplan 2026–2035 ut til offentleg høyring i perioden 01.08.2026–30.09.2026.

Administrasjonen får fulmakt til å gjere forbedringar i skulebruksplanen på følgjande punkt før planen vert lagt ut på høyring.

1. Barnets beste

2.

- Ei nærare vurdering av konsekvensar for læringsmiljø, trivsel, sosial tilknytning og tryggleik for elevane ved dei ulike alternativa.
- Skildring av konkrete overgangsordningar og oppfølgingstiltak for elevar ved eventuelle skuleflyttingar.
- Særskild vurdering av konsekvensar for dei yngste elevane.

2. Skuleskyss og reiseveg

3.

- Oversikt over venta reisetid for elevar ved dei ulike alternativa.
- Tal på elevar som får vesentleg lengre reiseveg.
- Vurdering av behov for buss- og drosjeløysingar, samt dei økonomiske konsekvensane av desse.

3. Økonomiske konsekvensar

4.

- Oppdatert økonomisk analyse som inkluderer:
- - skuleskyss
 - naudsynte tilpassingar ved mottakarskular
 - investeringsbehov
 - framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader
- Vurdering av kor robuste dei estimerte innsparingane er under ulike utviklingsforløp.

4. Risiko knytt til elevgrunnlag

5.

- Analyse som viser økonomiske og driftsmessige konsekvensar dersom:
- - 25 %, 50 % eller 75 % av elevane frå Fotlandsvåg vel privat skule etter ei eventuell nedlegging
 - 25 %, 50 % eller 75 % av elevane frå Haus vel ein ny privat skule som blir etablert i området etter ei eventuell nedlegging
- Vurdering av korleis slike scenario påverkar berekna samla innsparingspotensial.

5. Fagmiljø og organisering

6.

- Vurdering av alternative organisatoriske modellar for å styrkja fagmiljøa utan skulenedlegging.
- Vurdering av om lærarar og fagressursar kan organiserast meir på tvers av skulane gjennom felles fagmiljø, kompetansenettverk og delte stillingar.
- Vurdering av Osterøyskulen som eit samla profesjonsfellesskap med undervisning på fleire geografiske lokasjonar.

6. Konsekvensar for lokalsamfunn og samfunnsutvikling

7.

- Vurdering av kva skulane har å seia for busetjing, tilflytting, frivillig arbeid og lokal samfunnsutvikling.
- Vurdering av konsekvensar for Haus og Fotlandsvåg som bygdesenter ved ei eventuell skulenedlegging.

7. Alternative løysingar

8.

- Vurdering av ein modell der alle fire skulane blir oppretthaldne med fastsette minimumsgrenser for elevtal før ny politisk behandling.
- Vurdering av oppveksttun-modellar med barnehage og småskuletrinn.
- Vurdering av om ny skulestruktur bør sjåast i samanheng med kommunen sitt øvrige investeringsbehov, særleg Omsorg+, og om større strukturelle endringar bør vurderast på nytt i samband med komande økonomiplanperiode.

Endeleg vedtak om framtidig skulestruktur vert gjort etter gjennomført høyring og vidare politisk behandling.

Votering:

Roald Martinsen (H) trekte framlegget sitt om utsetjing før votering.

Utsetjingsframlegget frå Herdis Helle (Ap) fall med 9 røyster for (INP, 6 Frp, Geir Olsen (Ap) og Herdis Helle (Ap)) og 17 røyster imot.

Framlegg til vedtak frå Alexander Thunestvedt (Ap) vart vedteke med 17 røyster for og 9 røyster imot (6 Frp, INP).

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 49/2026 Skulebruksplan 2026-2035:

Heradsstyret legg Skulebruksplan 2026–2035 ut til offentleg høyring i perioden 01.08.2026–30.09.2026.

Administrasjonen får fulmakt til å gjere forbedringar i skulebruksplanen på følgjande punkt før planen vert lagt ut på høyring.

1. **Barnets beste**

2.

- **Ei nærare vurdering av konsekvensar for læringsmiljø, trivsel, sosial tilknytning og tryggleik for elevane ved dei ulike alternativa.**
- **Skildring av konkrete overgangsordningar og oppfølgingstiltak for elevar ved eventuelle skuleflyttingar.**
- **Særskild vurdering av konsekvensar for dei yngste elevane.**

2. **Skuleskyss og reiseveg**

3.

- **Oversikt over venta reisetid for elevar ved dei ulike alternativa.**
- **Tal på elevar som får vesentleg lengre reiseveg.**
- **Vurdering av behov for buss- og drosjeløysingar, samt dei økonomiske konsekvensane av desse.**

3. **Økonomiske konsekvensar**

4.

- **Oppdatert økonomisk analyse som inkluderer:**
- - **skuleskyss**
 - **naudsynte tilpassingar ved mottakarskular**
 - **investeringsbehov**
 - **framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader**
- **Vurdering av kor robuste dei estimerte innsparingane er under ulike utviklingsforløp.**

4. **Risiko knytt til elevgrunnlag**

5.

- **Analyse som viser økonomiske og driftsmessige konsekvensar dersom:**
- - **25 %, 50 % eller 75 % av elevane frå Fotlandsvåg vel privat skule etter ei eventuell nedlegging**
 - **25 %, 50 % eller 75 % av elevane frå Haus vel ein ny privat skule som blir etablert i området etter ei eventuell nedlegging**
- **Vurdering av korleis slike scenario påverkar berekna samla innsparingspotensial.**

5. **Fagmiljø og organisering**

6.

- **Vurdering av alternative organisatoriske modellar for å styrkja fagmiljøa utan skulenedlegging.**
- **Vurdering av om lærarar og fagressursar kan organiserast meir på tvers av skulane gjennom felles fagmiljø, kompetansenettverk og delte stillingar.**

- Vurdering av Osterøyskulen som eit samla profesjonsfellesskap med undervisning på fleire geografiske lokasjonar.

6. Konsekvensar for lokalsamfunn og samfunnsutvikling

7.

- Vurdering av kva skulane har å seia for busetjing, tilflytting, frivillig arbeid og lokal samfunnsutvikling.
- Vurdering av konsekvensar for Haus og Fotlandsvåg som bygdesenter ved ei eventuell skulenedlegging.

7. Alternative løysingar

8.

- Vurdering av ein modell der alle fire skulane blir oppretthaldne med fastsette minimumsgrenser for elevtal før ny politisk behandling.
- Vurdering av oppveksttun-modellar med barnehage og småskuletrinn.
- Vurdering av om ny skulestruktur bør sjåast i samanheng med kommunen sitt øvrige investeringsbehov, særleg Omsorg+, og om større strukturelle endringar bør vurderast på nytt i samband med komande økonomiplanperiode.

Endeleg vedtak om framtidig skulestruktur vert gjort etter gjennomført høyring og vidare politisk behandling.

PS 50/26 Politisk organisering i valperioden 2027–2031

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 50/2026 Politisk organisering i valperioden 2027–2031:

Innstilling frå Formannskapet 03.06.2026:

Politisk organisering vert erstatta av ein modell med færre organ og sterkare samordning gjennom heradsstyret og formannskapet. Heradsstyret vert redusert frå 27 til 19 medlemer, plan- og kommunalteknisk utval og levekårsutvalet vert avvikla, og eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vert slått saman til eitt råd med tre representantar frå kvar gruppe. Saka vert lagd ut på høyring og kjem attende til endeleg vedtak hausten 2026, med styringsstruktur og reglement for valperioden 2027–2031. Endringar i politisk organisering vil ikkje tre i kraft før neste valperiode.

Framlegg til vedtak frå Ann Kristin Borge(Ap):

Politisk organisering vert vidareført med justerte ansvarsområde, medlemstal og delegering. Heradsstyret vert redusert frå 27 til 19 medlemmer, og levekårsutvalet vert avvikla. Eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vert gjennomført parallelt, slik at orienteringar kan gjennomførast felles. Saka vert lagd ut på høyring og kjem attende til endeleg vedtak hausten 2026, med styringsstruktur og reglement for valperioden 2027–2031. Endringar i politisk organisering vil ikkje tre i kraft før neste valperiode.

Framlegg til vedtak frå Herdis Helle(Ap):

Politisk organisering vert endra slik frå neste valperiode.

Heradsstyret vert redusert frå 27 til 19 medlemmer. Heradsstyret skal ikkje ha andre utval enn formannskapet og andre lovpålagde utval.

Formannskapet skal ha dagmøte og kommunedirektør skal gjere framlegg om auke i vederlaget til formannskapet. Kommunedirektøren skal også kome attende med sak om nytt delegasjonsreglement og auka økonomifullmakter for formannskapet.

Eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vert behalde, men møta gjennomført parallelt, slik at orienteringar kan gjennomførast felles.

Utsetjingsforslag frå Jarle Skeidsvoll(Krf):

Saka vert utsett til hausten.

Votering:

Utsetjingsforslaget frå Jarle Skeidsvoll (KrF) vart vedteke med 21 røyster for og 3 røyster mot (Johannes O. Borge (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H)).

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 50/2026 Politisk organisering i valperioden 2027–2031:

Saka vert utsett til hausten.

PS 51/26 PS 30/26 - Krav om lovlegkontroll av reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 51/2026 PS 30/26 - Krav om lovlegkontroll av reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vart send til Statsforvaltaren for lovlegkontroll, jf. HS-vedtak PS 30/2026.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 51/2026 PS 30/26 - Krav om lovlegkontroll av reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker:

Saka vart send til Statsforvaltaren for lovlegkontroll, jf. HS-vedtak PS 30/2026.

PS 52/26 3. gongs handsaming - detaljregulering Haugemyrane aust - Hauge planID 46302019004

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 52/2026 3. gongs handsaming - detaljregulering Haugemyrane aust - Hauge planID 46302019004:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 10.06.2026

Forslag til detaljregulering for Haugemyrane aust – planID 46302019004 med plankart datert 25.03.2025, føresegnar datert 20.04.2026, og tilhøyrande dokument vert vedteke i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Utvalet ber om at kommunedirektøren oppdokumenterer saka med merknadsskjema og referat frå dialogmøte og gjev ei tilleggsutgreiing knytt til trafikale tilhøve/trafikktryggleik. Vi ber også om at kommunedirektøren undersøker om det er mogeleg at fylkeskommunen, og eventuelt forslagsstillar, kjem og orienterer heradsstyret om dei trafikale vurderingane som er gjort ved vurderinga av planframlegget.

Framlegg til vedtak frå Alexander Thunestvedt(Ap):

Forslag til detaljregulering for Haugemyrane aust – planID 46302019004 med plankart datert 25.03.2025, føresegnar datert 20.04.2026, og tilhøyrande dokument vert vedteke i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Alexander Thunestvedt(Ap) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 52/2026 3. gongs handsaming - detaljregulering Haugemyrane aust - Hauge planID 46302019004:

Forslag til detaljregulering for Haugemyrane aust – planID 46302019004 med plankart datert 25.03.2025, føresegner datert 20.04.2026, og tilhøyrande dokument vert vedteke i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

PS 53/26 2. gongs handsaming- reguleringsplan for Solberg Mek. Verksted - planID 4630 2025001

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 53/2026 2. gongs handsaming-reguleringsplan for Solberg Mek. Verksted - planID 4630 2025001:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 10.06.2026

«Forslag til detaljregulering for Solberg Mek. Verksted, planID 46302025001, med plankart datert 30.03.2026, føresegner 21.05.2026, og tilhøyrande dokument vert vedteke i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 53/2026 2. gongs handsaming-reguleringsplan for Solberg Mek. Verksted - planID 4630 2025001:

«Forslag til detaljregulering for Solberg Mek. Verksted, planID 46302025001, med plankart datert 30.03.2026, føresegner 21.05.2026, og tilhøyrande dokument vert vedteke i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

PS 54/26 Avklaring av planinitiativ - Espevoll næringsområde del 2

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 54/2026 Avklaring av planinitiativ - Espevoll næringsområde del 2:

Før handsaminga av saka bad Frode Flesland (Sp) og Turid Bjørndal Njåstad (Sp) om å få habiliteten sin vurdert.

Kjellaug Hartveit (Sp) og Jon Daltveit (Sp) vart kalla inn som varaer.

Frode Flesland (Sp) og Turid Bjørndal Njåstad (Sp) vart samrøystes erklærte ugilde og vil ikkje delta i handsaminga av saka.

Sebastian Andre Haugland vart samrøystes vald til settevaraordførar.

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 10.06.2026:

1. Plan- og kommunalteknisk utval tek planinitiativet for detaljregulering av Espevoll næringsområde del 2 til orientering, og legg til grunn at planarbeidet kan startast opp.
2. Vidare planarbeid skal byggje på gjeldande områderegulering for Espevoll næringsområde, men forslagsstillar kan fremje forslag om å endre eller ta ut rekkefølgjekravet knytt til utbetring gjennom Vesetgjelet for det aktuelle planområdet. Endringa må grunngjevast og utgreiast særskilt i planforslaget.
3. Kommunen legg som førebels planfagleg vurdering til grunn at dagens rekkefølgjekrav om ferdig utbetring gjennom Vesetgjelet før utbygging av f_N06-f_N13 ikkje framstår som eit forholdsmessig eller realistisk krav å knyte til Espevoll del 2 åleine. Omsynet til trafikktryggleik og framkomst i Vesetgjelet skal framleis vurderast, men bør handterast gjennom dialog med vegeigar og overordna plan- og finansieringsprosess, ikkje som eit absolutt krav som i praksis stoppar vidare detaljregulering og bruk av næringsområdet.
4. I det vidare planarbeidet skal det særleg avklarast og dokumenterast: trafikkgenerering og trafikktryggleik, tilkomst og intern infrastruktur, naturmangfald og myr/karbonrike areal, massehandtering, VAO og overvatn, støy i anleggs- og driftsfase, og rekkefølgjekrav for lokale og områdeinterne tiltak.
5. Vedtaket er ei prosessavklaring av planinitiativet. Det gir ikkje endeleg avklaring av planløyising, arealbruk, utnytting eller innhald i framtidige føresegner. Endeleg standpunkt blir teke ved politisk behandling av planforslaget etter høyring og offentleg ettersyn.

Framlegg til vedtak frå Framlegg Herdis Helle (Ap) og Ragnar Tyssebotn (Frp):

Heradsstyret tek planinitiativet for detaljregulering av Espevoll næringsområde del 2 til orientering, og legg til grunn at planarbeidet kan startast opp.

Vidare planarbeid skal byggje på gjeldande områderegulering for Espevoll.

I det vidare planarbeidet skal det særskilt avklarast og dokumenterast: Trafikkgenerering og trafikktryggleik, tilkomst og intern infrastruktur, naturmangfald og myr/karbonrike areal,

massehandtering, VAO og overvatn, støy i anleggs- og driftsfasen og eventuelle rekkefylgjekrav for lokale- og områdeinterne tiltak.

Vedtaket er ei prosessavklaring av planinitiativet. Det er ikkje ei endeleg avklaring av planløyising, arealbruk, utnytting eller innhald i framtidige føresegner. Endeleg standpunkt blir teke ved politisk handsaming av planframlegget etter høyring og offentleg ettersyn.

Grunngjeving:

Ei eventuell fjerning eller endring av rekkefylgjekrav på utbetring av Vesetgjelet bør avklarast i samband med handsaming av KPA og sjåast i samanheng med anna næringsutvikling/trafikal utvikling i kommunen. Det vil verte trafikalt krevjande med ei full utbygging av Espevoll før, eller parallelt med at, Vesetgjelet, vert utbetra – særleg om der kjem verksemdar med mange tilsette og aktivitet som genererer ein større auke i ÅDT. Det er vanskeleg å sjå at dette kan karakteriserast som eit uforholdsmessig eller urealistisk rekkjefylgjekrav/tiltak. Vesetgjelet er hovudinnfartsåra til store delar av Osterøy. Strekingen er ulukkesutsett og trafikken der stoggar gjerne opp i mange timar ved bilberging e.l. Dette betyr ikkje nødvendigvis at det treng kome heilt ny veg – slik fylkeskommunen no er i ferd med å regulere – før Espevoll kan byggast fullt ut. Det er mogeleg at punktutbetringar, i form av at ein får fjerna nokre av dei verste svingane og utvida vegen noko, kan vere eit tilstrekkeleg godt utbetringstiltak.

Tillleggsframlegg til vedtak frå Johannes O Borge(H):

Utbygging av byggetrinn 2 skal særleg leggje vekt på naturmangfold, myr og klima. Den «gamle» reguleringsplanen er frå 2010, og den nye detaljreguleringen skal byggje på oppdatert kunnskapsgrunnlag, særleg med tanke på nedbygging av myr og kontroll med minimal avrenning til bekken som renn ut i Borgevatnet.

Votering:

Innstillinga frå Plan- og kommunalteknisk utval vart sett opp mot framlegget frå Herdis Helle (Ap) og Ragnar Tyssebotn (Frp).

Innstillinga frå Plan- og kommunalteknisk utval vart vedteken med 15 røyster for og 11 røyster for framlegget frå Herdis Helle (Ap) og Ragnar Tyssebotn (Frp) (4 Ap, 6 Frp, INP).

Tillleggsframlegget til vedtak frå Johannes O. Borge (H) fall med 10 røyster for (Alexander Thunestvedt (Ap), Bjarte Hammer Aarland (U), Jarle Skeidsvoll (KrF), 4 H, V, SV, INP) og 16 røyster mot.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 54/2026 Avklaring av planinitiativ - Espevoll næringsområde del 2:

1. Plan- og kommunalteknisk utval tek planinitiativet for detaljregulering av Espevoll næringsområde del 2 til orientering, og legg til grunn at planarbeidet kan startast opp.
2. Vidare planarbeid skal byggje på gjeldande områderegulering for Espevoll næringsområde, men forslagsstillar kan fremje forslag om å endre eller ta ut rekkefølgjekravet knytt til utbetring gjennom Vesetgjelet for det aktuelle planområdet. Endringa må grunngjevast og utgreiast særskilt i planforslaget.
3. Kommunen legg som førebels planfagleg vurdering til grunn at dagens rekkefølgjekrav om ferdig utbetring gjennom Vesetgjelet før utbygging av f_N06-f_N13 ikkje framstår som eit forholdsmessig eller realistisk krav å knyte til Espevoll del 2 åleine. Omsynet til trafikktryggleik og framkomst i Vesetgjelet skal framleis vurderast, men bør handterast gjennom dialog med vegeigar og overordna plan- og finansieringsprosess, ikkje som eit absolutt krav som i praksis stoppar vidare detaljregulering og bruk av næringsområdet.
4. I det vidare planarbeidet skal det særleg avklarast og dokumenterast: trafikkgenerering og trafikktryggleik, tilkomst og intern infrastruktur, naturmangfald og myr/karbonrike areal, massehandtering, VAO og overvatn, støy i anleggs- og driftsfase, og rekkefølgjekrav for lokale og områdeinterne tiltak.
5. Vedtaket er ei prosessavklaring av planinitiativet. Det gir ikkje endeleg avklaring av planløyising, arealbruk, utnytting eller innhald i framtidige føresegner. Endeleg standpunkt blir teke ved politisk behandling av planforslaget etter høyring og offentleg ettersyn.

PS 55/26 Endring av samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion KO

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 55/2026 Endring av samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion KO:

Innstilling frå Formannskapet 03.06.2026

Osterøy kommune vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 55/2026 Endring av samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion KO:

Osterøy kommune vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap.

PS 56/26 Etablering av felles forliksråd for Osterøy kommune og Vaksdal kommune

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 56/2026 Etablering av felles forliksråd for Osterøy kommune og Vaksdal kommune:

Innstilling frå Formannskapet 03.06.2026

- 1.Kommunestyret vedtek å oppretta felles forliksråd for Osterøy og Vaksdal.
- 2.Nytt felles forliksråd skal ha 3 fasta medlemmar og 3 varamedlemmar. Talet på medlemmar og varamedlemmar frå kommunane rullerer etter følgande mønster: Osterøy kommune veljar 2 faste medlemmar og 1 varamedlem inneverande periode og Vaksdal kommune veljar 1 faste medlemmar og to varamedlemmar inneverande periode. Neste periode er fordelinga mellom kommunane motset og med vidare rulling i nye periodar. Det er krav til at begge kjønn er representerte.
- 3.Møte bør om mogleg haldast i begge kommunane.
- 4.Nytt felles forliksråd vert gjord gjeldande frå 01.01.2028, evt tidlegare dersom deltakarkommunane vert samde om det.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 56/2026 Etablering av felles forliksråd for Osterøy kommune og Vaksdal kommune:

- 1.Kommunestyret vedtek å oppretta felles forliksråd for Osterøy og Vaksdal.
- 2.Nytt felles forliksråd skal ha 3 fasta medlemmar og 3 varamedlemmar. Talet på medlemmar og varamedlemmar frå kommunane rullerer etter følgande mønster: Osterøy kommune veljar 2 faste medlemmar og 1 varamedlem inneverande periode og Vaksdal kommune veljar 1 faste medlemmar og to varamedlemmar inneverande periode. Neste periode er fordelinga mellom kommunane motset og med vidare rulling i nye periodar. Det er krav til at begge kjønn er representerte.

3.Møte bør om mogleg haldast i begge kommunane.

4.Nytt felles forliksråd vert gjord gjeldande frå 01.01.2028, evt tidlegare dersom deltakarkommunane vert samde om det.

PS 57/26 Høyring av tilleggsopplysningar om eit sørlegare alternativ for 420 kV Samnanger-Øygarden

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 57/2026 Høyring av tilleggsopplysningar om eit sørlegare alternativ for 420 kV Samnanger-Øygarden:

Framlegg til vedtak frå Herdis Helle (Ap):

Kommunen sender ikkje høyringsinnspel til denne saka

Framlegg til vedtak frå Jarle Skeidsvoll(Krf)

Osterøy kommune gjev uttale i saka og løftar det sørlige trasealternativet.

Tilleggsforslag frå Kim Andre Hartveit(Frp):

Osterøy heradstyre sender høyringsvar med null alternativ om landgåande linje over kommunen vår og oppmoar om sjøkablar.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Herdis Helle (Ap) vart sett opp mot framlegget frå Jarle Skeidsvoll(Krf).

Framlegg til vedtak frå Jarle Skeidsvoll(Krf) fekk 17 røyster og 7(4H,) røyster gikk til forslag frå Herdis Helle (Ap).

Tilleggsforslag frå Kim Andre Hartveit(Frp) vart vedteke med 19 røyster for og 5 røyster mot(Alexander Thunestvedt(Ap), Geir Olsen(Ap), Herdis Helle(Ap), Johannes O Borge(H), Turid Njåstad(Sp)).

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 57/2026 Høyring av tilleggssopplysningar om eit sørlegare alternativ for 420 kV Samnanger-Øygarden:

Osterøy kommune gjev uttale i saka og løftar det sørlige trasealternativet.

Osterøy heradstyre sender høringsvar med null alternativ om landgåande linje over kommunen vår og oppmoar om sjøkablar.

PS 58/26 Andre saker/Spørsmål 18.06.2026

Handsaming i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 58/2026 Andre saker/Spørsmål 18.06.2026:

Spørsmål og svar ligg ved som vedlegg i sakspapira.

Vedtak i Heradsstyret - 18.06.2026 av sak 58/2026 Andre saker/Spørsmål 18.06.2026:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.